

## Til Alver Kommune

### Innspel til arealdel av kommuneplan i Alver.

Syner til tidlegare innsendt innspel til interkommunal plan for sjøområder i Nordhordland, datert 10.05.2021, og vil i tillegg be om at følgjande areal på landsida vert tatt med i den nye arealdelen i Kommuneplanen 2023-2035.


Alle areala gjeld først og fremst Gbnr. 58.1, Lygra, Alver Kommune. Dette er ein stor eigedom med gode kvalitetar og høve til tilrettelegging og utvikling innafor mange ulike områder av arealplanen.

#### 1. Fusnesvika og Storhaugen, areal på land.

Areala i eksisterande K-plan, SBH3, på 3 da og T2, på 22 da, er tatt ut av LNF på Gbnr. 58.1 og sett av til område for offentleg/privat tenesteyting. Me ber om at desse områda vert oppretthaldne i arealdelen i den nye kommuneplanen, då me meiner at det er gode tilhøve for at ulike attraktive tilbod kan etablerast her i framtida. Me har eit ønskje om å få utgreidd og om mogleg starte planarbeid for utvikling av dette området.

Eit forslag kan til dømes vera å etablere eit regulert og velegna område for oppstilling av bubilar her. Behovet er nok til stades, då me denne sommaren har registrert sær mange bubilar og mykje villcamping langs Lurevegen, og spesielt i Toftingasundet ved Lygra.

I første omgang kan det omfatte planlegging for opparbeiding og oppgradering av eksisterande og nye interne tilkomstvegar og etablering av naudsynt infrastruktur. Oppgradering av jordbruks- og skogsvegane har mykje å seia for uttak av skog og ved, samt betra tilgang til jordbruks- og skogsområda mellom Fusnesvika og Gangstøa. Vidare er det ønskjeleg å byggje veg fram til område for naust og kai i Fusnesvika der det er sett av fleire nausttomtar for hovudbruket og etablerar av område T2. Det vert lagt vekt på at tilrettelegginga og utbygginga vert utført på ein skånsam og bærekraftig måte og til minimal ulempe for utvikling av resten av denne delen av eigedomen. Mogleg at nausta kan bli plassert på pelar for å ta vare på den opprinnelege strandsona.




#### 2. Gangstøa, Lygra

Gangstøa er eit eldre viktig knutepunkt i ferdsla rundt Lygra og Lurefjorden. Prestebryggja her var ein landingsstad for kyrkjebåtar frå austsida av Lurefjorden, og støa og vegen var del av kyrkjevegen for prest kyrkje- og tingfolk i mest tusen år. I dag er prestebryggja dels øydelagd av sterke stormar, og ikkje brukandes som landingsplass, noko me vil retta på og ber med det om at det vert lagt til rette for å sikra båtstøa, slik me peika på i plan for sjøområda. Det skal

minimal innsats og plan til for å få skjerma vika med ein liten molo til ei trygg hamn og landingsplass med tilrettelagd kai for småbåtar og lette farkostar. Talet på dagar med liten kuling er aukande og det er langt mellom fortøyingsplassar og skjerma vikar.

Det er ønskeleg at det vert sett av areal til å byggja ein enkel jordbruksveg i forlenginga av eksisterande jordbruksveg like ovanfor Gangstøa og fram til kai for motorbåt, for framføring av materialar og skog frå områda omkring austsida av Lurefjorden, og tilkomst for maskiner og køyretøy til å utføra sikrings- og reparasjonsarbeidet av kai og molo i støa. Med litt tilrettelegging er det mogleg å nytta området langs sjøen frå Fusnesvika til Gangstøa til rekreasjon og fritidsaktivitetar som betrar tilgang til gode bade- og fiskeplassar. Det er også mogleg å etablera ein samanhengjande liknande tursti langs sjøen fram til eksisterande sti mot Lyngheisenteret i Fusnesvika.




### 3. Risdalane og Skjelvika.

På vårt Gbnr. 58.1 og Gbnr. 58.5 er det i eksisterande arealdel av K-planen sett av eit areal som tillet bygging av 5 einbustader med utleigedel i LNF-området merka SB4. Me ber om at ein aukar talet på bustader til 8 på dette , der minst 5 av tomtane vert plassert på vårt bruk.

Me ønskjer såleis å tilretteleggja for 10 eldrebustader, oppført i vestlandsk byggjestil inklusiv utleigedelar sok langhus på eitt og same plan, då me ser ein aukande interesse for mindre leiligheiter i det attraktive området langs Lurefjorden.


Kort veg til det meste av fritidstilbod i eit panorama av naturopplevingar, kan forlengje livet i eigen bustad og at eldre vil klara seg sjøl lengst muleg, vil i tida frametter vera viktig med tanke på den sterke auken i antall pensjonistar og rett til aldersbustadar..

Me ber om at traktorvegen over Gbnr 58.5 ned til Skjelvika vert felles for partane som nyttar båt- og badeplassar i Skjelvika, og at det vert råd å forlengja traktorvegen langs søre vika fram til ny flytebrygge på neset på sørsida av vika. Me meiner det er god samanheng med kva tilbod det er på og omkring buplassane, og viljen til busetting og etablering i miljøet utanfor sentera, slik at båt plass kan verte eit inkluderande tilbod ved kjøp av bustadane.



## 5. Lygravågen

Ber om at det vert sett av eit areal til tilkomst for jordbruksveg i strandsona frå bygdekaien på Lygra og sørover i om lag 20 meter, slik det har vore nytta frå tida etter meieriet vart bygd. Planen var opphavelig å setta opp ei tørkebu for torv frå øyane. Det er frå gammalt murt ein kaifront på delar av strekket og det er planen å gjera den ferdig på dei første 6-7 meterane. Tiltaket vil vera til nytte for tilkomst til muleg båthamn/bølgjebrytar, som kan gjere Lygravågen meir eigna til fortøyning av mindre båtar, jfr. Plan for sjøområde 10.05.2022.



## 6. Lønnevågen og reguleringsplan for Buskeneset – Feste.

Lønnevågen er ein ideell plass for flytebryggje med kort veg frå hyttefeltet på Gbnr. 58.1 og Gbnr. 58.2 til sjø og ei lun heilårshamn for opp til om lag 20 småbåtar. Me ser småbåthamna i samband i


Me ønskjer no å etablera om lag 17-20 hytter på det arealet som i gjeldande kommuneplan er avsett til fritidsbustader og som er ein del av regulert areal til fritidsbustader etter gjeldande reguleringsplan frå 1985. Det vil inngå som utviding av hyttefeltet i Buskeneset og syner til eksisterande arealdel av kommuneplan for fritidsbustadar i området #29-07021985 og vil og peika på godkjent reguleringsplan for området datert 07.02.1985. Me har venta med å lansere utbygginga av det 40 da store området på gbnr.58,1 i påvente av at skogen i det regulerede området skulle verta hogstmoden, noko den no er. Det har i siste åra med aukande sterke stormar ført til fleire rotvelter enn ønskjeleg i området. Det er derfor planen å starte uttak av skogen allereie den komande vinteren.

Me legg ved skisse over tenkt utbygging av området. Det vert satsa på hytter som ikkje skal ha anna straumforsyning enn sjølvprodusert energi frå solsellepanel på tak og energibrønn kombinert med brønn og borehol.5Det er tanken at standarden på hyttene vert planlagt med god og bærekraftig standard, og med nøktern storleik og til ein overkommeleg kostnad. Tanken er ellers at hyttene skal tilpassast i terrenget med minimale sprengingsvolum og dels byggjast på pelar. Me reknar såleis med at det vert eit populært felt å etablera seg i for dei mange som ikkje kan investere i 3-4 millionar-klassen for å få seg ein fritidsbustad.

Arealet er totalt på om lag 40 da og bebyggd areal er totalt på om lag 2 da for dei 17-20 hyttene..

Alt avlaup skal reinsast og kloakk vert samla og reinsa i minireinseanlegg.

Tiltaket med hyttefeltet må og sjåast på som særskjeleg for å styrkja levekåra for aktuelle firma og butikkar i området Feste-Lygra.



Me ser positivt på at aktiviteten aukar i våre områder og vil tru at fleire av dei som etablerer seg i senterområda på sikt får augene opp for moglege fritids- og eldrebustader i nokon av dei finaste og beste områda for kortreiste bærekraftige fritidsaktivitetar. Me vil derfor peika på dei store areala som i dag ligg mest utan bruk på Lurøyna. Øya er over 500 meter brei og me har meir enn 250 da her, som etter vårt syn bør leggjast til framtidig areal for hytter i vårt område. Me har dessutan om lag 2 km med strandlinje som i dag ligg mest unytta pga. lite tilrettelagde plassar for båt- og hyttfolket. Me meiner det trengs ein meir aktiv og tilrettelagt næringspolitikk basert på kva senterfolka skal leva av og for i framtida.

Luro 13.09.2022

Med venleg helsing

Gro og Arnljot Jordal  
(eigarar av gbnr. 58.1)